

Referat frå møte i Moster soknerådsmøte

tysdag 14.11. 2023

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Solveig Eikeland, Elisabeth Jacobsen, Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Elisabeth Gjørseth Løkling og Aksel Lygre.

Sak 82 - 2023 Godkjenning av møtebok frå 17.10.23 og innkalling.

Vedtak:

Møtebok godkjend

Innkalling godkjend med tillegg av 3 saker

Sak 83 – 2023 Oppfølging av tidlegare saker

***Barnekroken**

Kvar står saka?

Avslag frå Sparebanken Vest

Venter svar frå Finnås kraftlag

***Temakveldar hausten 2023**

23. November: Fellesarrangement med dei ulike trussamfunna på Bømlø - Ole Petter Erlandsen, fagsjef i Opne Dører, og forfattar, Bjørn Are Davidsen deltek. Dette vert godt marknadsført. Kan soknerådet stilla med langpannekaker og kyrkjevert?

Vedtak: Soknerådet stiller med 3 langpannekaker og ein kyrkjevert

***Me treng på sikt å skifte ut det tekniske utstyret;** ruterar og mikrofonar. Positive signal frå Fellesrådet om at dei kan ta frå investeringsbudsjettet. Soknerådet bed representantane i fellesrådet ta opp saka.

Vedtak: Ein tar det opp med kyrkjeverta i forkant av møtet. Rune sender spørsmål om dette.

***Prioriteringsliste til kyrkjeverta – kvar står saka?** Det nye soknerådet får kopi av lista saman med referatet.

Vedtak: Soknerådet må spørje etter. Rune sender spørsmål om dette.

***Tilbakemelding på kurs 02.11 i Nysæter kyrkje.**

Sakna rom for å stille spørsmål

På bakgrunn av opplysningar på kurset etterlyser årleg samling mellom fellesråd og sokneråd i kommunen.

Sak 84 – 2023 Soknerådet sitt budsjett 2024.

Forslag til budsjett frå tidlegare sokneråd, som påtroppande sokneråd tek som utgangspunkt.

Vedtak: Soknerådet vedtek budsjettet for 2024 slik det er lagt fram.

Budsjettet vert revidert i juni.

Sak 85 – 2023 Registrering av nytt sokneråd og overføring av mynde til ny kasserar

Konstituering av nytt sokneråd er gjort. Og Hans Magne Nesse Stokka er vald som kasserar.

Vedtak: Ber om tilbakemelding frå kyrkjeverje når registrering i Brønnøysund registeret er klart slik at overføring av mynde til ny kasserar kan skje.

Sak 86 – 2023 Finna folk utanom soknerådet til å sitja i ulike komitear

Saka er overført frå førre møte. Soknerådet meiner at det bør vere medlemmer for kyrkjekoret med i kyrkjemusikalsk utval. Andre utval er trusopplæring, diakoni, temakveldar. Estlandskomite har berre 2 medlemmer, sokneprest og nestleiar.

Vedtak:

Rune spør medlemmen kyrkjemusikalsk utval om dei vil halde fram. Det bør og vere eit medlem frå kyrkjekoret.

Nils Otto spør medlemmene i diakoniutvalet om å halde fram.

Soknerådet ber trusopplæringsutvalet om å finne to nye medlemmer: Elisabeth Jacobsen informerer dei andre.

Soknerådet tar ansvar for temakveldane ut året.

Me ønskjer melding tilbake frå utvala til neste soknerådsmøte 12.12.23

Sak 87 – 2023 Offerliste 2024

Kasserar, leiar og sokneprest legg fram forslag.

Vedtak: soknerådet vedtek lista som ho vart lagt fram.

Lista vert evaluert og revidert i juni.

På temakveldane går inntekta til dekking av utgifter i samband med temakveldar, jubileum og kyrkjemusikalsk arbeid.

Sak 88 – 2023 Endringar vedrørande orgel.

Me viser til brev frå kantor. Nestleiar orienterer.

Vedtak: Soknerådet har forståing for endring av leveringsdato og montering, som no vert dei to fyrste vekene i januar. Skap må sjølvstendig tilpassast plassering av orgel. Kantor og kyrkjeverje koordinerer med Sag & Bygg. Når det gjeld endring av innviingskonsert, føreslår me at dato vert valt i samråd med kantor.

Sak 89 – 2023 Invitasjonar til innviing av orgel og andre konsertar.

Me gler oss til å feira at me får nytt orgel, noko som inngår i jubileumsfeiringa for kyrkja.

Me ser det som svært viktig at invitasjonane går tidleg ut, så alle me ynskjer særleg til stades kan bli invitert tidleg nok til å unngå andre avtalar.

Vedtak: Soknerådet bed orgelkomiteen å stå for invitasjon av gjester. Dette skjer innan 15.januar. Orgelkomiteen står også for pressemeldingar, annonser, Facebook m.m.

Sak 90 – 2023 Konkretisering av gjesteliste til jubileumsfeiringa

Når lyt me ha lista klar, og kven utarbeidar den?

Vedtak: lista skal vera klar til soknerådsmøte i januar og invitasjonen bør sendes ut i januar/februar.

Lista vert utarbeida av Gunvald Bjotveit og Solveig Eikeland.

Sak 91 – 2023: Fordela ulike oppgåver:

Handle til kyrkjekaffi; Nils Otto og Rune

Kakebakerlista; Elisabeth J. spør Elin Taranger etter lista

Pynting til jul, påske osv; Gerda Bonde, Elisabeth G.L

Kyrkjevertlista: Dette tek vi på neste møte

Sak 92 – 2023: Snømåking

Kven har ansvar?

Vedtak; Rune tek dette opp med kyrkjeverje

Sak 93 – 2023: Utleige av kyrkja

Ungdom i oppdrag m/fleire vil leige kyrkja til gudsteneste i samband med bønnekonferanse 26.05.24.

Vedtak: Soknerådet gir løyve til utleige av kyrkja 26.05.24

Sak 91 - 2023 Referat og meldingar

Programkomité for 150-årsfeiringa:

Diakonikveld 18.januar

Temakveld 8. februar: om misjon – Helge Gaard, generalsekretær NMS

Temakveld 7. mars: kristen undervising – Per Magne Aadnanes

Vidare program:

Påskedag – nytt orgel

14. april Rutters Gloria med musikarar frå Stavanger

28. april innvielseskonsert med Kåre Nordstoga.

Temakveld 12. september: Ola Jan Grindheim snakkar om kyrkjebygget.

Temakveld 3. oktober: Prost Svein Arne Theodorsen – 995 – 1024 – 1874 – 2024: Ei levande kyrkje gjennom ulike tider.

Felleskyrkjeleg songkveld 7.november

Festdag 1. desember - jubileumsgudsteneste: kyrkjekaffi i Salem, invitasjon går ut til biskop, kommunestyrerepr. frå Moster sokn, fellesråd o.a

Orgelkomiteen; Gunvald tek kontakt med Elin

Trusopplæringsutvalet: ikkje møte

Kyrkjemusikalsk utval: ikkje møte

Diakoniutvalet: ingenting å melde

Estlandskomiteen; ikkje møte

Felleskristen komite 1000-årsmarkeringa kristenretten

Fellesråd og administrasjon: ikkje møte

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: ingenting å melde

Neste møte vert 12.12.23, kl.19.00.